



Årsmelding 2024 – Allidrett-gruppa Kviteseid Idrettslag

Aktive medlemmar i undergruppe «ski» har vore: Jostein Reiten (leiar), Morten Andersen, Erik Landsverk og Kristian Skogheim.

Aktivitet

Sesongen 2024/2025 har skigruppa arrangert 5 karusellrenn i ljosløypa ved Kviteseidhallen under varierende forhold. Tradisjonen tru har Kiwi vore venlege og sponsa oss med frisk frukt til borna. Totalt har me hatt 54 unike deltakarar

Vedlikehald og drift av ljosløype

Skigruppa har tidlegare hatt ein dag med rydding før sesong, der ein har rydda stein og kjørt med beitepussar. Men i år som i fjor haust kom vinteren rett og slett litt brått på, så det har ikkje vore noko koordinert dugnad i ljosløypa. Dei utfordrande forholda har sett medlemmane i gruppa på ei skikkeleg prøve, men formidabel innsats med prepping har gjort at me kan ha ei tilbod til dei som vil gå på ski i ljosløypa. Elevar ved Kviteseid skule har, i år som i fjor, og hatt glede av løypene dei dagane dei har hatt uteaktivitetar.

Endringar i gruppa

Etter formell omorganisering av undergrupper har arbeidet med å legge til rette for skiaktivitetar heldt fram med dei same deltakarane. I tillegg har vi fått eitt nytt medlem; Kristian Skogheim. Det har så langt ikkje vore aktivitetar knytt til område «all-idrett». Rekruttering av vaksne ansvarlege er utfordrande.

Kviteseid 4. mars 2025

Skigruppa v/ Jostein, Morten, Erik og Kristian

